

Vedlegg 2

Innspel frå opplæringskontora

Opplæringskontoret for ess og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Søking til vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

Som oppfølging av møte med fagopplæringsnemnda 04 mars i år sender vi våre innspel i samband med studietilbod 2016.

Generelt vil vi sei at det er viktig at det vert ro over tilbodsstrukturen sånn at vi får bygd opp fagmiljø ved skulane.

Vi er naturleg nok bekymra over nedgangen i søkjartala til vg 1 teknikk og industriell produksjon og vg 2 indusriteknologi. Sett opp mot behovet for framtidig fagarbeidarar i industri og teknologi bedrifter i fylket er det klart at vi vil intensivere vårt rekrutteringsarbeid.

Det vert rekruttert til fleire andre fag gjennom kryssløp, frå Teknikk og industriell produksjon, logistikk, anlegg og bergfag m fl. Det er difor viktig at antall klassar vert oppretthalde.

Tala over ledige læreplasser i industrifaga er høgare enn antall søkjarar, det stemmer godt med dei signal vi har fått, bedriftene treng fagfolk og satsar på å rekruttere gjennom lærlingordninga.

Med utgangspunkt i behovet for lærlingar og framtidig fagarbeidarar så meiner vi det bør opprettas ein ekstra vg 2 klasse i indusriteknologi ved Mo og Øyrane vgs.

Det er bra å sjå at det er nesten full (halv klasse) klasse på Eid vgs til vg 2 Industriell møbelproduksjon allereie ved prøveinntaket. Det er viktig klasse for møbel , trapp og vindu produksjons bedriftene i Nordfjord andre deler av fylket .

Med bakgrunn i at vi kvart år lyt rekruttere lærlingar frå Hordaland og Rogaland til kjemi prosess meiner vi framleis at det bør opprettas vg 2 kjemiprosess ved Flora eller Mo og Øyrane vgs.

Det er ingen godkjente lærebedrifter i faget maritim produksjonsteknikk i vårt fylket , det er heller ikkje meldt inn behov for lærlingar i faget , så langt vi er kjent med. Bedriftene som var med å utvikle læreplanen er medlem hos oss og har ikkje meldt behov for lærlingar på kort eller lang sikt.

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar

0047 57832260 / 0047 91144966

jorunn.kirketeig@pro.sf.no

Følg oss på Facebook!





**OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGG-
OG BERGFAGENE**

Innspeil til Fagopplæringsnemda ang opplæringstilbod 2016-2017.

OKAB vil med dette poengtere behovet for 3 klassar Vg2 Anleggsteknikk i fylket når alle får seg læreplass og når vi ser kor stor søknad det er til Vg2 Anleggsteknikk. Det er også i år oversøknad til Vg2 Anleggsteknikk sjølv med tre klassar i fylket. Vg2 Anleggsteknikk rekrutterer frå Vg1 Bygg og Anlegg og Vg1 TIP. Elevane som søker kjem frå heile fylket.

OKAB vil med dette oppfordre Fagopplæringsnemda å forsette med tre klassa i fylket slik som det er pr. dags dato.

**Helsing
Jan Erik Øygard
Dagleg leiar
Opplæringskontoret for Anleggs- og Bergfagene**

Tilbakemelding i forbindelse med klassestruktur for skuleåret 2016/17

Førde 07.03.2016

Concordbygget, 3.etg.
Postboks 572
6803 Førde
Telefon 57 82 92 50
Telefaks 57 82 92 51
ibl@byggopp.no

www.byggopp.no

Generelt.

Bygg og anleggs bransjen har i lang tid i S og Fj bevist at elevane får læreplass i våre fag.

Det er stort behov for lærlingar både innan Bygg/Anlegg og KEM

Elektro bransjen ynskjer ikkje fleire klassar sjølv om elevtalet tilseier dette.

Behovet til Elektro bransjen er ivaretatt slik den er i dag og ved å auke dette talet vert det mange som ikkje får fullført sin utdanning. Dette viser at Bygg og anleggsbransjen inklusiv elektro er beviste på at vi setter næringslivet sine behov i fokus.

Byggopp håpar at dei som ikkje får plass på elektro vert tilbydt plass på VG1 Bygg og anleggsteknikk.

Det vert jobba hardt på rekrutteringsida for å auke talet med søkjarar til våre linjer. Vi brukar masse ressursar og midlar på dette arbeidet. At vi ikkje er komt i mål med dette arbeidet er lett å spegle i søkjartalla, men det er ein auke til VG1 og vi håpar dette er starten på å få fleire til å søkje våre fag.

Frå hausten 2016 har vi også på plass ingeniørstudiet innan Bygg og anlegg Y –vegen. Dette vil gjere vår utdanning komplett. Bransjen kan i eige fylke tilby både fagutdanning med fag/sveinebrev direkte kvalifisert til Ingeniørstudiet i tillegg har vi fagskulen.

Måløy VG skule

ynskjer sterkt at VG2 klassen vert opprettheldt og at elevane som har starta utdanninga si kan fullføre. Det er lokale læreplassar ledige

Flora VG skule

Ynskjer at 2 klassar på VG1 vert opprettheldt.

Ynskjer at VG2 KEM vert opprettheldt *

Stryn VG Skule

Ynskjer å oppretthalde dei 2 VG1 klassane. Her er det viktig med kontinuitet i forbindelse med ein av klassane er med på eit forsøk innan «veksling»

Sogndal VG Skule

Ynskjer primært 4 klassar innan VG1

Ynskjer å oppretthalde VG2 KEM *

Øyrane VG Skule

Ynskjer auke 1 klasse på VG2 anleggsteknikk pga god søkning og behov for lærlingar i bransjen.


Ynskjer å auke 1 klasse VG1 til 4 klassar

*Dårlig med søknad gjer her ein utfordring. For Byggopp er det ikkje mogelig å svare på spørsmålet om kven av desse 2 klassane som ikkje skal få starte opp igjen. Det viktigaste er at kontinuiteten vert sikra. Byggopp meina det er rom for begge linjene med tanke på læreplassar, men ser at utan elevar vert dette vanskeleg, sjølv om ein må sjå litt utifrå 2 vals elevar (tenker spesielt på VG2 anlegg som har oversøking)

Mvh

Nils Arne Ødegård

-opplæringsleiar





BYGGMESTERFORBUNDET

SOGN OG FJORDANE

07.03.16

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Opplæringstilbodet for skuleåret 2016 – 2017.

Vårt innspel om opplæringstilbodet i utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk er at vi ønskjer at det skal startast opp ekstraklassar i fylket. Det er stor trong for fagfolk i denne bransjen og vi meiner at det er læreplassar for alle i faga innan Bygg- og anleggsbransjen.

Når det gjeld Nordfjordregionen er vi og av den meining at klassetalet må oppretthaldast både på VG1 Bygg- og anleggsteknikk samt VG2 Byggteknikk.

Det er svært viktig at VG2 Byggteknikk i Måløy held fram sjølv om søkjartalet ligg under 8 søkjarar. Trongen for fagarbeidarar er like stort i dette området. Om klassen fell bort vil dette få følgjer for rekrutteringa.

Om vi tenkjer på opplæringstilbodet ved Stryn vidaregåande skule har dei 2 klassar på VG1 Bygg- og anleggsteknikk, samt ein klasse på Byggteknikk som er samansett med 12 elevar + 6 elevplassar som er går etter vekslingsmodellen.

Vekslingsmodellen er eit samarbeid mellom Fylkeskommunen og Utdanningsdirektoratet. Dette prosjektet varer fram til 2018. For at dette prosjektet skal kunne gjennomførast etter kriteria er det heilt naudsynt at det ikkje vert gjort endringar i tal klassar ved Stryn vidaregåande skule.

Bjarne Flataker

Formann

Jarl-Inge Stevnebø

Formann BSK

Petter Arnt Løvdahl

dagleg leiar BSK



Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

Stryn, 7. mars 2016

Opplæringstilbodet for skuleåret 2016 – 2017

Under følgjer våre innspel opplæringstilbodet for skuleåret 2016 – 2017.

1. Innspel om helsearbeidarfaget

Nordfjord Opplæringskontor vil understreke at det er viktig at VG2 Helsearbeidarfag blir sett i gang og blir ført vidare ved Stryn VGS. I forhold søkjartala til VG2 vil det etter vår erfaring tilkomme fleire søkjarar ved prøveinntaket utan ungdomsrett. Helsebransjen generelt står framfor eit større generasjonsskifte og behovet for helsearbeidarar vil vere stort i åra framover. I den samanheng er det viktig for oss å understreke at vi vil ha gode mogelegheiter for å få elevane ut i lære etter VG2, der blant anna vår største medlemsbedrift innanfor helsefaget Stryn Kommune vil ha eit inntak på minimum 6 - 8 lærlingar i året. Vidare syner tal søkjarar på VG1 Helse og Oppvekstfag god innsøking for skuleåret 2016 – 2017.

Nordfjord Opplæringskontor vil jobbe målretta med å auke statusen i helsearbeidarfaget, og det er særskildt viktig at fylkeskommunen legg til rette for å styrkje helsearbeidarutdanninga då det er etter vårt skjønn ein "mismatch" mellom tal utdanna og behovet for helsearbeidarar framover. For at vi skal kunne oppfylle etterspurnaden for helsearbeidarar for våre medlemsbedrifter er det heilt naudsynt at det ikkje vert gjort endringar i tilbodet ved Stryn vidaregåande skule.

Vi vil også peike på prosjektet "omsorgsteknologi". Eit prosjekt der Stryn og Eid Vidaregåande Skule har samarbeidd om oppbygging av ei moderne og framtidretta opplæringsleilegheit innan omsorgsteknologi ved Stryn Vidaregåande Skule. Eit prosjekt som er unikt i landssamheng.

Anbefaling:

Med bakgrunn i argumentasjon blir VG2 Helsearbeidarfaget ved Stryn VGS sett i gang og ført vidare.



2. Reiseliv

Tal søkjarar viser at det er interesse frå tre elevar ved VG2 Reiselivs faget for å starte i lære hausten 2016. Det er i dag ingen læreplassar innanfor dette faget. Nordfjord Opplæringskontor vil understreke at vi jobbar målretta for å etablere læreplassar innanfor reiselivs faget. Vi er sikre på at vi i løpet av kort tid vil lukkast med å etablere læreplassar og at alle tre vil få læreplass frå hausten 2016. Reiselivet i Nordfjord vil styrkje seg ytterlegare i åra framover, der det er fleire store reiselivsprosjekt undervegs. Dette er vi sikre på vil auke behovet for nye fagarbeidarar innanfor reiselivs faget, og såleis vil det vere godt grunnlag for dette faget ved Stryn VGS.

Anbefaling:

Reiselivs faget blir ført vidare ved Stryn Vidaregåande Skule.

3. Teknikk og industriell produksjon

Vi viser til tidlegare innspel frå næringslivet i Stryn hausten 2015 i forhold til skuletilbodet for Teknikk og industriell produksjon. Næringslivet i Stryn innanfor denne bransjen er i sterk utvikling og vekst. Behovet for nye fagarbeidarar vil vere stort i åra som kjem, og med det manglande skuletilbodet innanfor Teknikk og industriell produksjon i Stryn er vi bekymra for deira tilgang til nye fagarbeidarar.

Med vennleg helsing
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim
Dagleg leiar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Leikanger
Att: Sissel Brusegård

Førde 08.03.16

DIMENSJONERING 2016/17 JUSTERINGSSAK

Det vises til møte 04.03.

Forutsetning: Opplæringskontoret for elektrofag Sogn og Fjordane er av den formening at det skal være 6 klasser ELELE2 til enhver tid.

Historisk har dette ligget på 5, mens det ved justeringsmøtet mars 2014 ble økt til 7 klasser. Dette fikk den konsekvensen at det ble opprettet vg3 i skole for 8 elever innen energimontør og elektrikerfagene høsten 2015.

Vi tar inn hvert år mellom 35 og 40 lærlinger innen elektrikerfaget med ungdomsrett, og kraftbransjen tar inn ca 10.

Ut fra vedtatt dimensjonering i nov 2015 for skoleåret 2016/17, som vist under, er det lagt opp til at ikke alle vg2 klasser blir opprettholdt 2017/18 .

Vi ber derfor opplæringsavdelingen ta høyde for at det til enhver tid kan komme ut 6 klasser fra ELELE2. En mismatch på 2 klasser kan synes mye, og vi må sørge for at vi ikke står i fare for å havne ned på 5 klasser på ELELE2 istedenfor ønsket 6 stk.

	ELELE1	ELELE2	EIAut2	ELDAT2
Antall vedtatt nov 2015				
Årdal	1			1
SOGNDAL	2	1		1
HØYANGER	1	1		
MO	2	1		1
FLORA	1	2		
EID	2	1	1	1
	9	6	2	3

Med hilsen
Elin Viken
Daglig leder

Fra: Elin Viken [elin.viken@nelfo.no]

Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

Kopi: Tor-Einar Holvik Skinlo [Tor-Einar.Holvik.Skinlo@sfj.no]; Sissel Brusegård [Sissel.Brusegard@sfj.no]; Bekka Skaasheim [Bekka.Skaasheim@sfj.no]; Ronny Kjøde [ronny@hendenelektro.no]; Harald Aam [harald.aam@caverion.no]; Vidar Haugsbø [vidar.haugsbø@bravida.no]; Geir Saltkjel [geir.saltkjel@ulvesund-elektro.no]; Tore Nyttngnes [tore.nyttngnes@fokuselektro.no]; Rolf-Erik Ådland [aurlande@online.no]; Egil Vårdal [egil@holmedalelektriske.no]

Sendt: 14.03.2016 13:49:06

Emne: Prøveopptak og instilling til sak om dimensjonering av vg1 tilbud til hovedutvalg

Vedlegg: A900CB30-6908-4B81-860C-0F36BA9B9496.png

Hei og takk for hyggelig telefonsamtale om dimensjonering. Jeg tillater meg å ta noe av samtalen også skriftlig via mail

Det vises til møtereferat den 11.03 fra fagopplæringsnemds møte den 10.03 ang dimensjonering, der tilrådingen til hovedutvalget for opplæring overraskende var på 9 klasser innen vg1 elektro. Vi ba i forkant spesifikt om at dere innstilte på en dimensjonering på vg 1 som matchet vg2 tilbudet.

Som nevnt i telefonen er signalene fra et enstemmig Nelfo styre at 9 vg1 klasser er altfor lite. Bransjen har et stort behov for lærlinger, og har alltid tatt inn ekstremt mange lærlinger. Alle skolene har oversøking på 1.valg elektro slik at søkermassen er der. Vi kan ikke komme opp i en situasjon der svært mange elevene som vil jobbe med elektro blir presset inn på sine 2. og 3. valg, dvs bygg og anleggsgfag. Dette er ingen tjent med.

Bransjen har i mange år før 2015 tatt i mot 5 klasser fra vg2 og har bedt om økning samtidig som vi har vært tydelige på at 7 klasser er for mye. Vi har i flere høringsskriv det siste året vært tydelige på at bransjen er tilfreds med at det til enhver tid kommer ut 6 klasser fra vg2 elenergi som vil ha læreplasser innen elektrikerfaget.

Dette vil kreve minst 6 klasser vg1 elektro, ønskelig 7 klasser vg1 grunnet noe avskalling, som er tenkt videre til vg2 elenergi.

Regnestykket må da bli som følger:

3 vg1 klasser med retning dataelektroniker dersom tilbudet om 3 klasser ELDEL2 opprettholdes

2 vg1 klasser retning automasjon dersom tilbudet om 2 klasser ELAUT2 opprettholdes

6-7 vg1 klasser retning elenergi for opprettholdelse av 6 klasser ELELE2

Dette vil kreve tilsammen 11 eller 12 vg1 elektroklasser skoleåret 2016/17.

Vi regner med at dette blir endelig instilling til hovedutvalget slik at vi også framover sikrer nok fagarbeidere innen elektrikerfaget og at utdanningsvolum og læreplassstilbud ikke kommer i utakt.

Viser også til at søkertallet og lærlingeplasser innen elektro har hatt en stigende tendens de siste år, til tross for nedgang i antall søkere til videregående, .

Elin Viken | Regionsjef | 98043504 |



Nelfo – en landsforening i NHO